

## Aktivitetsplan 2008 - 09

Dato	Arrangement	Komite
1. - 4. aug	Tall Ship-speling	Styret
3. - 5. okt	Øvingshelg	
26. okt	Basar	
13. - 15. nov	S. og Fj.mestersk.	Komite - styret
21. des	Julekonsert	TPM arrangerer
27. des	Juletefest	
3. jan	Nyttårskonsert	Komite - styre
23. - 25. jan	Gruppeøving NM	Musikkutval
30. - 31. jan	Øvingshelg NM	Musikkutval
5. - 8. feb	NM Bergen	Musikkutval - styre
4.- 6. sep.	Stormfestival-09	Komite - styre

### Flott nasjonaldag

Det blei ein flott nasjonaldag med sol og fint veir. Holvik Skulekops og Torskangerpoll Musikklag spelte og underholdt, og det var mange som gjekk i tog både i Holvik og i Vågsvåg.



**På kryss og tvers med VG**

**Prøv VG-kryss Loddrett:**

1. Fuglebolig
2. Renne
3. Nyvasket
4. Lik

**Vannrett:**

1. Kun
5. De 7 dagene
6. Vask

	1	2	3	4
1				
5				
6				

# Vredens Gnag

NM-mester-2008



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 6

15. årgang

Laussal: Gratis

Juni / juli 2008

## Strålande inspirasjonshelg



Her er gjengen som var med på den svært så velukka blåtur- og inspirasjonshelga på Sandane.

Der var det både sosialt og musikalskfagleg. Opplegget var topp frå A til Å. Vi spelte konsertar, åt god mat, hadde konkurransar og det vart masse sang og humor. Laurdag og søndag øvde vi i aulaen på Sandane med Eirik Gjerdevik som inspirator. Vi budde på hytter på campingplassen på Sandane. Vêret var topp og mange bada. Alle var samde om at dette var ei fin avslutning på ein svært så vellukka sesong. Neste no er The Tall Ship's Races i august.

Torskangerpoll Musikklag vil ynskje alle ein fin sommar.

[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)



Her er nokre små glimt frå spelehelga i Gloppen. Som de ser så vart det ei variert helg med mykje humor, mat, speling og kreative krumspring.



## Ka æ ka !!!

*Antikvitetshandler:* En som handler med ting som tidlegere var nye.

*Antipoder:* Personer med føtter som snur til en annen kant.



*Arvelighet:* Det er forklaringen på at vi ikke vil få noen etterkommere hvis hverken vår far eller vår bestefar har fått barn.

*Begravelse med pomp og prakt:* Det er begravelse som foregår svært raskt, fordi de sørgende har det så travelt på grunn av den moderne livsrytmen.

*Diktator:* En som gir diktater.

*Dødsskrik:* Et skrik fra en som er død.

*Enkemann:* En som er gift med en enke.

*Epistel:* En kvinne som er gift med en apostel.

*Intervall (i musikk):* Avstanden mellom to klaver.

Ha en fin sommer.

## Dugnad for til redningssaka

Tysdag 3. juni var medlemmene i Torskangerpoll Musikklag med på dugnad, og samla inn pengar til Redningsselskapet og redningsskøytene. Vi samla inn i Måløy. Holvik Skulekorps har også samla inn i Deknepollen, Holvik og Vågsvåg.



## Stormfestival 2009

Vi er i gong med planlegginga av ny stormfestival som skal vere i 2009. Vi har produsert ny prosjyre, og er no i ferd med å gjere denne festivalen som skal vere første helga i september i 2009 kjent.

## Drømkosert under Tall Ship's Races

Det er no endeleg bestemt at Torskangerpoll Musikklag skal framføre Ut Med Havet-konserten fredag under The Tall Ship's Races klokka 19.00. Det blir med engelsk tekst, og Jan Otto Hoddevik som opplesar. Idar skal dirigere og Anette og Eirik blir solistar. Dette kan bli spennande.

## 70 på historiekveld i Gravdal skule

I slutten av mai arrangerte historielaget i Vågsøy og projektgruppa historiekveld i Gravdal skule. På det største bildet er alle som var der og som har gått på skulen samla. Prosjektgruppa har samla mykje historikk, og meir skal det bli. Fylkesarkivet er sterkt inne i prosjektet.

